

REFERAT FRÅ PÅRØRANDEMØTE 08.02.2011

Det var sendt ut invitasjon til ein pårørande møte i forkant. I invitasjonen var det opplyst om kva tema som ville verte tatt opp og informert om. Av omsyn til plass og mat, var det ynskjeleg med tilbakemelding på kor mange som kunne komme.

Det var 24 pårørande som møtte. Det vart servert rundstykker, kaffe, frukt og brus. I tillegg møtte: Einingsleiar Anne Berge Brattetaule, sjukeheimslege Grethe Fosse, rådgjevar innan helse og omsorg Nina Marie Kvamme, leiar v/dagavdelinga/dagstova Betty Bakken Kleppe, sekretærar Velferdssenteret Torhild Skråmestø og Linda B. Knudsen og sekretær helse og omsorg Bjørg T. Murberg.

Einingsleiar Anne Berge Brattetaule innleia med å ynskje alle hjarteleg velkommen, og sa at det er utruleg kjekt at så mange kunne komme i ein travel kvardag. Me vil prøve å få til eit møte ein gong i året.

Sak 1: GENERELL INFORMASJON V/RÅDGJEVAR HELSE OG OMSORG – V/NINA MARIE KVAMME

Ho informerte om sjukeheims plassar, at Radøy kommune slit med å gje tilbod til dei som har krav på sjukeheims plass. Velferdssenteret har 43 sjukeheims plassar, 41 enkle rom og 2 doble. Pr i dag er det 50 personar som har vedtak om plass i sjukeheim. Av desse har 45 personar plass på Velferdssenteret, det vert nytta 2 omsorgsbustader til 3 personar, + at Radøy kjøper plass til 2 personar i Modalen.

Om institusjonsplass: Nokon vil no undre seg over korleis ein kan få tilbod om sjukeheims plass i ein omsorgsbustad.

Alle som søker sjukeheims plass vert individuelt vurdert, men får kanskje tilbod ein annan plass enn på Velferdssenteret.

Det er sett ned ei gruppe som skal sjå på bygging av fleire sjukeheims plassar. Ufordringa ligg på bemanningssida. Radøy kommune har sett i gong tiltak for å utdanne fleire, legge til rette for utdanning av fagbrev.

Nina informerte vidare om ”Samhandlingsreforma” – ei stor reform som er tenkt å flytte tenester frå spesialhelsetenesta ut i kommunane. Ansvar for tenester skal ligge i kommunane, nærast brukarane. Spesialhelsetenesta skal ta seg av/jobbe med det dei er god på. Utdringa vert å få tak i kompetanse, rekruttering, hus m.m.

Tiltak som må gjerast:

- Det må byggjast fleire sjukeheims plassar.
- Det vert sett i gong med tilbod om utdanning
- Rekruttering

Sak 2: DAGSENTERET - DAGSTOVA – INFORMASJON OM DIV AKTIVITETAR V/BETTY BAKKEN KLEPPE

Det vert gjeve tilbod måndag, tysdag, onsdag og fredag. Tilbodet er til eldre heimebuande som er vurdert til å ha rett på dagtilbodet, og til bebuarane på Velferdssenteret som kan ha nytte av tilbodet.

Betty fortalde om dei eldre, at dei har mange ressursar, viktigheita av å bruke og vedlikehalde ressursane dei har. Ho fortalde om aktivitetane som vert arbeidd med, m.a. ord og uttrykk, ballspel, strikking, musikk, song, songleikar, trim og ringdans. Betty snakka om kor viktig det er å styrke musklar, bevege armar og bein.

Ho har er ei lett blanding av ulike grupper, og dei likar seg veldig godt.

Kvar torsdag er det aktivitetar inne i sjukeheimen. Der vert det gjeve tilbod i små grupper til demente som kan nytte seg av eit slikt tilbod. Treninga/arbeidet føregår i det små kjøkkenet i avd D. Her vert det laga ulike måltid, m.a. lapskaus. Då må dei skrelle poteter og grønnsaker sjølv, dei får bevege seg, bruke armar og bein, bruke ord, hente fram ressursar som ”ligg” der, ser at dei meistrar, dei ser på kvarandre, viser med kroppsspråket korleis dei fungerer, utrolig kjekt å sjå kor godt det fungerer.

Ein fredag i månaden er det kafè, og den føregår i ”storstova” i avd. D.

Her er det song og musikk. Dei som har lyst å lese dikt eller syngje, får gjere det. Her vert dei sett og får brukt ressursane dei har. Det er og høve til å ta seg ein svingom, noko mange likar. På fredagskafeen har vi oppe ulike tema:

Det vert snakka om årstidene, jul, den einskilde sitt liv m.m.

Dagsenteret/dagstova har eit varierende tilbod. Alle skal føle at dei vert sett, meistrar og at aktivitetar vert tilpassa den einskilde. Betty fortalde at det er utruleg kjekt å arbeide med dei eldre og få hente fram ressursane den einskilde har.

Sak 3: ORIENTERING OM DRIFTA VED SJUKEHEIMEN, VELFERDSSENTERET

Einingsleiar Anne Berge Brattetaule orienterte om drifta ved sjukeheimen. Ho sa at pårørande er den viktigaste ressursen sjukeheimen har, og for at ein skal kunne ta godt vare på bebuaren slik at han/ho får det best mogeleg, må me arbeide saman.

Anne viste heimesida til Radøy kommune, der Velferdssenteret ligg under helse. Der finn ein informasjon om sjukeheimen, den same informasjonen finn ein og i perm på kvart bebuarrom. Ho gjekk igjennom permen punkt for punkt. Framsida syner kven som er kontaktperson. Ho sa vidare at me er så heldige å ha lege 2 gongar for veka.

Om aktivitetar fortalde ho at nokon trivest best aleine, kan ikkje tvinge dei til å vere med på aktivitet. Elles fortalde ho vidare om:

Sansenhagen:

Hagen står høgt på ynskelista, treng ”rehabilitering”!

Det vert jobba med å få ein fin hage der bebuaren kan sjå, høyre, føle og kjenne – sansing. Her er det ynskje om ein gamal robåt, fiskegarn/not, mjølkespann, ripsbusker, ei klessnor - enkle ting som dei kjenner igjen.

Hurra ... robåt fekk me same kvelden, tusen takk!

Tenester:

Vidare fortalde ho at det er gjort avtale med at optikar skal komme på besøk – sjå på syn, briller m.m. Det er lettare for optikar å komme til Velferdssenteret enn at bebuaren skal måtte reise til optikaren.

Verdiar:

For at bebuaren skal ha det bra så er ofte det enkle det beste. Skal ein kunne endre på ting – er det viktig med tilbakemelding. Det er ynskjeleg me **ALL** tilbakemelding, enten den er positiv eller negativ. Gje gjerne tilbakemelding til einingsleiar.

Undervisning:

Det vert gjeve undervisning for personalet kvar tysdag. Det har vore ulike tema som demens, omsorg ved livets slutt, m.m. Det er 6 hjelpepleiarar som skal ta utdanning innan demens.

Sak 4: INFORMASJON FRÅ SJUKEHEIMSLEGE GRETHE FOSSE:

Grethe opna med å lese dikt av Aslaug Låstad Lygre.

Grethe snakka om demente – haldningar, det å følgje opp, og evt. redusere medisinar.

Ho snakka om samhandlingsreforma, at den passa best for eldre. Det å sleppe å sende eldre fram og tilbake til sjukehus i byn i ambulanse.

Ho fortalde om at det er mange unødvendige bivirkningar eldre vert påført av medisin. Mange får det betre ved god pleie og omsorg, god mat og nok drikke, rett kosthald og trivsel.

Ho er opptatt av å redusere/fjerne unødig medisin den eldre ikkje har nytte av for at den eldre skal sleppe bivirkningar som det ofte fører med seg.

Men ho forsikra om at er det tvil, vert det alltid ringt og undersøkt med spesialhelsetenesta.

Grethe fortalde om pårørandesamtalane ein var kommen i gang med.

Meininga er at dette er samtalar der ein t.d. kan ta opp vanskelige ting, det kan være korleis ein handterer smertebehandling/lindring, korleis ein ynskjer det når det går mot slutten – at den døyande får døy med verdigheit. Det å kunne lindre der ein kan lindre.

Viktig å fange opp plager og liknande. Ein kan ikkje hjelpe alle, men alle skal vere trygg på at dei har det bra.

Sluttord:

Kommunikasjon er viktig og vert jobba med innad i sjukeheimen, Velferdssenteret. Me veit at me kan verte betre.

Er det noko de som pårørande saknar, meir informasjon i permen, noko ein bør takast vekk?

Kom med innspel/idear, me er glad for tilbakemelding.

Elles så fortalde Anne at det vil verte skifta ut belysning i ”gamle” delen av Velferdssenteret, då det er veldig mørk og lite eigna for eldre.

Einingsleiar takka for ein fin kveld og ynskte alle vel heim.

Manger 08.02.2011

Anne Berge Brattetaule
Einingsleiar

Björg T. Murberg
referent

Informasjon frå møte m.m. finn de på heimesida til Radøy kommune, Helse og omsorg, Velferdssenteret.